



Arbeidstilsynet  
Postboks 4720 Sluppen  
7468 TRONDHEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/874 - 16/7818

Saksbehandlar:  
Lisbeth Toppe Alvær  
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:  
08.06.2016

## Tilbakemelding tilsyn

Viser til melding om postalt tilsyn i brev 27.04.16, ang. førebygging av helseskadar hos feiar og brannfolk ved eksponering av støv, gass og brannrøyk.

Radøy kommune meiner Arbeidstilsynet gjennom tilsynet set fokus på eit viktig område for å bidra til systematisk arbeid for å redusere arbeidstakarane sin risiko for helseskadeleg eksponering av støv, gass og brannrøyk i sitt arbeid. Radøy brannvern består p.t. av 20 brannmannskap og ein feiar under leiging av brannsjef i 25 % stilling, jf. pkt 1. Tilsyn og førebyggjande brannvern er lagt til Nordhordland og Gulen Interkommunale Branntilsyn (NGIB), og er ikkje omtala i det vidare.

Statistikken viser at Radøy brannvern deltok i om lag førti oppdrag i 2015, der åtte av desse var typiske arbeidsoppdrag med risiko for eksponering av støv, gass og brannrøyk: fire brannoppdrag og fire redningsoppdrag ved bilulykke. I tillegg kjem øvingar, normalt min. 18 timar pr brannmannskap pr år. Så langt i 2016 har brannvernet rykka ut på tre redningsoppdrag ved bilulykke, ein grasbrann og ved eit tilfelle bistått nabokommunen ved brann. Feieoppdrag er ein typisk arbeidssituasjon der feiar vert eksponert for likande risiko.

Gjennom kartlegginga av aktuelle arbeidsoppdrag med risiko for eksponeringa av støv, gass og brannrøyk, som er gjennomført saman med brannmannskapet, vart det også peika på oppdrag knytt til uønska hendingar med t.d. farleg gods, gjødsel/silogass og oljevernoppdrag. Det vart påpeika at dette er ein sjeldan type oppdrag.

I tillegg til dei ordinære feieoppdrag for feiaren, vil arbeidssituasjonar som er gjengitt under typisk medfører større eller mindre risiko for eksponering. Også vurdering av risiko og kartlegging av tiltak er utført i samarbeid med brannmannskap.

Type arbeidssituasjon	Merknad	Sannsynlighet	Vurdering
<b>Brannøving</b>	Ved ulike typar øvingar hender det at brannmannskap utsett for støv, gass og/eller brannrøyk.	Normal øvingsmengde pr år er 18 timar pr brannmann, samt ekstra øvingar for røykdykkarar ved behov.	Øvingsituasjon gir større rom for kontroll over utføring samanlikna med ordinært oppdrag, og risikoen vert dermed i seg sjølv redusert. Det er også større fokus på kva stoff som vert nytta i øvingsituasjonane.
<b>Brann</b>	Det er fleire typar brannoppdrag som utset brannmannskap for støv, gass og brannrøyk: Husbrann, utmarksbrann, bilbrann, industribrann og brann i td. avfallscontainar ol.	Brannvernet har om lag 4 brannrelaterte oppdrag pr år.	Gjentatte brannoppdrag og øvingar kan gi økt konsekvens for helse på sikt.
<b>Uønska hendingar med farleg gods</b>	Ved uønska hendingar med farleg gods kan brannmannskap, som t.d. kjem først til ulukkesstad, bli eksponert for gass og brannrøyk.	Sjeldan	Enkelthendingar med farleg gods kan gi stor konsekvens, dersom ein ser bort frå risikoreduserande tiltak.
<b>Bilulykker</b>	Ved bilulykker kan brannmannskap verte eksponert for både drivstoffdamp og brannrøyk.	Om lag 4-5 hendingar pr år.	Gjentatte redningsoppdrag knytt til bilulykker kan gi auka risiko på sikt.
<b>Uønska hendingar med gjødsel/silogass</b>	Landbruk er ein sentral næring i Radøy kommune, og uønska hendingar knytt til gjødsel og silogass er arbeidssituasjonar som kan utsette brannfolk for t.d. gasseksponering.	Sjeldan	Enkelthendingar med gjødsel/silogass kan gi stor konsekvens, om ein ser bort frå risikoreduserande tiltak.
<b>Oljevernarbeid</b>	Oljevernarbeid kan utsette brannmannskap for kjemikaliedamp og gassar.	Sjeldan	Oljevernarbeid kan gi stor konsekvens om ein ser bort frå risikoreduserande tiltak.

Det er iverksett tiltak for å redusere risiko for helseskadar og sjukdom knytt til brannvernets oppdrag og øvingar, jf. pkt. 2. Feiar nyttar personleg verneutstyr under feiing, deltek på regelmessig helsesjekk og forureina klede vert levert vaskeri, slik som for brannmannskap.

Døme på risikoreduserande tiltak for brannmannskap:

#### Ved brannoppdrag:

Før oppdrag	Under oppdrag	Etter utført oppdrag
Opplæring i bruk av personleg verneutstyr	Bruk av personleg verneutstyr (maske)	Ikkje gå inn i køyretøy med forureina klær
Informasjon om risiko	Bruk av vifte for å blåse vekk røyk	Reingjere utstyr og personleg verneutstyr
	Riktig parkeringa av utrykningskjøretøy ift. vindretning	Legge forureina klær direkte i "vaskesekk"
	Holde mannskap som ikkje er direkte involvert i slukkinga på avstand	Dusje så snart som rå etter endt oppdrag
	Kultur for at det er OK å sei i frå dersom mannskap tek unødig risiko	Evaluering: gjennomgang av oppdrag og risikohandtering
	Våtservietter/tørkepapir lett tilgjengeleg	

## Ved bilulykke:

Før oppdrag	Under oppdrag	Etter utført oppdrag
Planlegge innsats i bilen slik at gruppa er best mogleg førebudd	Bruk av personleg verneutstyr (maske)	Ikkje gå inn i køyretøy med forureina klær
Avhengig av oppdrag. Ein røykdykkar klar	Bruk av vifte for å blåse vekk evt. røyk	Reingjere ustyr og personleg verneutstyr
	Riktig parkeringa av utrykningskjøretøy ift. vindretning	Legge forureina klær direkte i "vaskesekk"
	Holde mannskap som ikkje er direkte involvert i redningsarbeid på avstand	Dusje så snart som rå etter endt oppdrag
	Kultur for at det er OK å sei i frå dersom mannskap tek unødig risiko	Evaluering: gjennomgang av oppdrag og risikohandtering
	Våtservietter/tørkepapir lett tilgjengeleg	

## Under øving:

Før øving	Under øving	Etter øving
Førebuing og fokusområde for øving	Nytte stoff med minst mogleg negativ effekt på helse på øvingsstad	Ikkje gå inn i køyretøy med forureina klær
	Bruk av personleg verneutstyr (maske)	Reingjere ustyr og personleg verneutstyr
	Bruk av vifte for å blåse vekk evt. røyk	Legge forureina klær direkte i "vaskesekk"
	Riktig parkeringa av utrykningskjøretøy ift. vindretning	Dusje så snart som rå etter endt øving
	Kultur for at det er OK å sei i frå dersom mannskap tek unødig risiko	Evaluering: gjennomgang av øving og risikohandtering
	Våtservietter/tørkepapir lett tilgjengeleg	

Det hadde vore ønskeleg med ei ominnredning av brannstasjonen i rein og urein sone, men dette er eit kostnadskrevjande tiltak som evt. må vurderast på sikt.

Opplæring i arbeidsrutinar og arbeidsmetoder, jf. oversiktene over, vert gitt under øvingar som brannvernet har regelmessig gjennom året (minimum 18 timer pr brannmannskap). Det er også tema under evaluering i etterkant av oppdrag.

HMS-gruppen bistår Radøy kommune med HMS-arbeid, men har ikkje vore involvert på dette området innan brannvernet. Brannmannskap har fått tilbod om å involvere HMS-gruppen for å snakke om helserisiko knytt til oppdraga dei deltek i, men tilbakemeldinga var at det ikkje var

naudsynt. Det er Radøy legesenter som gjennomfører regelmessig helsesjekk av feiar og brannmannskap i tråd med regelverket. Verneombudet har ikkje vore trekt inn i det førebyggjande HMS-arbeidet i 2016, og verneombudets rolle vil her bli styrka i tida som kjem.

Radøy brannvern vil arbeide vidare med å systematisere HMS-arbeidet, og tilsynet har bidradd positivt til sette fokus på eit viktig tema. Ta kontakt med brannsjef Stein Ove Valdersnes ([stein.ove.valdersnes@radoy.kommune.no](mailto:stein.ove.valdersnes@radoy.kommune.no)) eller underteikna dersom det er behov for meir opplysningar.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær  
kommunalsjef drift og forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

øvingsplan 1 halvår 2016

**Mottakarar:**

Arbeidstilsynet

Postboks 4720 Sluppen

7468

TRONDHEIM